

Bjørnstad



gnr. 8 og 9.

Av Knut Raastad, mars 2025



Øver-Bjørnstad 1930. Foto: Hans Joramo / Gudbrandsdalsmusea, digitaltmuseum.no

Bjørnstad øvre

I 1586 var det skjøte på øvre Bjørnstad 2 huder frå Gyrvild Fadersdotter Sparre, enkja etter Hr. Lange Brahe, til kongen Fredrik 2.

I åra 1608-1627 var det Jon Pålsen Bjørnstad som var leiglending på øvre Bjørnstad. Jon hadde 2 sønner:

Per
Johannes

I 1628 lånte Ivar Sandbu 76 lodd sylv til kongen mot pant i 1 hud 3 skinn i Øver-Bjørnstad. Per og Johannes Jonssønner løyste inn pantet for kongen og betalte bugsel for dei resterande 9 skinn, og i 1635 var det dei som betalte holding (tredjeårsbygsl) for 2 huder. Men faren Jon betalte holding att i 1638, 1642 og 1651. Men i 1645 og frå 1654 var det sonen Per som betalte holding. Per Jonsen var gift med Kari Persdotter Snerle m/n, dei hadde døtrene

Imbjør d.ca.1671, neste brukar
Rønnoug, g.m. Lars, på søre Stade

Imbjør Persdotter Bjørnstad d.ca.1671 var gift med Syver Gulbrandsen sygard Snerle, dei hadde 4 barn:

Gulbrand, g.1.m. Magnhild Tjøstelsdtr. Kleppe, g.2.m. Åse Jakobsdtr., til m. Snerle
Sjugurd gifta seg opp att med Rønnaug Toresdtr. Fjerdingsren, dei hadde 2 barn:
Tore, neste brukar
Mari

I 1692 var det kongeskjøte på Bjørnstad skyld 2 huder frå kong Kristian 4. til fru Margareta Wilders som var enkje etter handelsmannen Frederick Werdelman i København, dette var til avkorting av gjeld som kongen hadde til fru Wilders.

Skoskatten 1711 viste at brukaren da var Tore Bjørnstad. Det var skifte etter faren Syver Gulbrandsen i 1707, det vart da nemnd at øvre Bjørnstad 2 huder var kjøpt for 180 rd. Tore overtok øvre Bjørnstad ved dette skiftet i 1707, men fekk ikkje skjøte frå syskjena før i 1720. Tore Syversen var g.m. Kjersti Jonsdtr. Snerle m. Tore og Kjersti hadde 6 barn:

Marit f.ca.1715
Ragnhild f.ca.1718
Syver f.ca.1720 d.1790, neste brukar
Thore 1722-1795, g.m. Marit Ellefsdtr. Pillarviken f.ca.1732 d.1803. Til nørdre Kleive.
Jon f.ca.1726
Rønnoug, g.m. Ole Ellefsen Pillervigen

Syver Toresen Bjørnstad f.ca.1720 d.1790 overtok etter faren. Syver var gift med Marit Olsdotter, hadde 4 barn:

Tore 1754-1782
Ole 1760-1760
Ole f.1762, neste brukar
Hans f.1767

Ole Syversen f.1762 fekk i 1784 skjøte på øvre Bjørnstad 2 huder frå faren for 350 rd. I 1788 selde han skogen sin i Hollongsmorken og Rusten til Iver Thorsen Håkenstad for 150 rd. I panteregisteret vart dette registrert frå 1816 ved at attverande eige i øvre Bjørnstad var 1 hud 10 skinn. I 1792 selde Ole Syversen halve garden øvre Bjørnstad til Syver Olsen Veggum og gardsbygningane vart delt mellom dei. Året etter i 1793 vart denne halvdel seld vidare frå Syver Olsen Veggum til Svend Pedersen Bårstad. Den andre halvdel vart i 1792 overdrege frå Ole Syversen Bjørnstad til Iver Tordsen Håkenstad for 600 rd., og denne delen vart også i 1793 seld vidare til Svend Pedersen. Odelsretten som Hans Syversen Bjørnstad hadde vart betalt med 62 rd. i 1799.

Svend Pedersen Bårstad f.ca.1746 d.1812 vart i 1766 gift med Kari Halvorsdotter d.1786, dei hadde 2 barn:

Peder f.1766, neste brukar

Thorø f.1769, g.m. Ole Endresen Myrum

Svend Pedersen vart gift på nytt i 1788 med Anne Olsdotter f.ca.1756, dei hadde 4 barn:

Kari f.1788

Ole f.1789

Pål f.ca.1792

Kari f.ca.1796

I 1800 selde og skjøta Svend Pedersen halvdel av øvre Bjørnstad skyld 2 huder til eldste sonen Peder Svendsen for 1099 rd. Peder Svendsen 1766-1855 var gift med Anne Olsdotter f.ca.1770 d.1822, dei hadde 1 barn:

Svend f.1800

Rasmus Johansen Øy kjøpte i 1803 øvre Bjørnstad 2 huder frå Peder Svendsen Bjørnstad for 1500 rd. Rasmus hadde 1795-1802 nigard nedre Øy. Rasmus vart i 1788 gift med Anne Rolvsdotter Skrinde 1763-1800, dei hadde 7 barn:

Thore f.ca.1788

Jon f.1790

Rønnog f.1791

Rønnog f.1792

Ingri f.1794

Gunild f.1796, neste brukar

Mari 1799-1800

I 1816 selde Rasmus Jonsen Bjørnstad attende halve garden til Peder Svendsen for 700 rbd. Dermed vart Bjørnstad delt i to. Denne gardparten av øvre Bjørnstad på skyld 11 skinn vart i 1827 seld til sonen Svend Pedersen for 200 spd. Svend f.1800 vart i 1825 gift med Ingri Syversdotter Rusten f.ca.1806, dei hadde 1 barn:

Kari 1834-1845

Peder Hansen fekk gavebrev og skjøte frå Svend Pedersen og hustru i 1857. I 1859 vart gardmann Peder Hansen Bjørnstad f.ca.1826 gift med Anne Torgersdotter Risdal, Fron

f.ca.1829 og i 1865 var desse gardbrukarar og eigar av Bjørnstad. Peder og Anne hadde 4 barn:

Svend f.1859
Johannes f.1863
Peder f.1865
Torgger f.1869

Eit jordstykke øvst og nørdest i jordet, på same høgde som gardstunet, heiter Rasmusstad. Dette treng ikkje bety at gardstunet på delen til Rasmus låg her. I 1819 selde Rasmus Jonsen sin halvdel av øvre Bjørnstad, skyld 11 skinn, til sin tilkomande svigerson Tord Erlandsen for 200 spd. Gunhild Rasmusdotter Bjørnstad 1796-1871 vart i 1819 gift med Thor Erlandsen Lien f.ca.1788 d.1842. Dei hadde 6 barn:

Erland f.1819, neste brukar
Rasmus f.1822
Anne 1825-1903, g.m. Erland Olsen Lieneige f.ca.1821 d.1879. Til Drågen.
Ingeborg f.1828
Peder f.1831, g.m. Ingebjørg Johannesdtr. Til Bårstad.
Thorø f.1837

Den eldste sonen Erland overtok etter faren og stod som eigar og brukar i 1865 og 1875. Erland Thorsen Bjørnstad vart i 1842 gift med Guri Arnesdotter Snerlehaugen f.ca.1821 dotter til Arne Hermandsen Snerlehaugen f.ca.1778 d.1861 og Imbjør Olsdotter. Erland og Guri hadde 9 barn:

Ymbjør 1842-1845
Imbjør f.1845
Thor f.1849
Arne f.1851
Ole f.1854
Gunild f.1857
Rasmus 1859-1862
Rasmus 1863-1864
Ragnild f.1867

Erland T Bjørnstad fekk i 1889 skjøte på øvre Bjørnstad gnr. 8 bnr. 1 frå Peder Hansen Bjørnstad for kr 2830. Dermed var øvre Bjørnstad samla til ein gard att.

Erland Bjørnstad selde Bjørnstad gnr. 8 bnr. 1 og 2 med kjøpekontrakt i 1891 til Ole Hansen Sveine for kr 6900, skjøte vart etter fullmakt skrivi i 1902.

Ole Hansen Sveine 1856-1919 var gift med Eldri Eriksdotter Veggumslykkja 1863-1939 dotter til Erik Iversen Sandbu, Vågå f.1818 og Ragnhild Olsdtr. Veggumslykkja f. 1821. Ole og Eldri var i 1887 inderstar i Håmårlykkja. Ole og Eldri hadde 1 barn:

Hans f.1887, neste brukar

Hans Olsen Bjørnstad vart i 1911 gift med Pauline (Lina) Jacobsdotter Sagsletten f.1886. I 1911 vart Hans nemnd som gardbrukar. Hans og Lina hadde 7 barn:

- Ola 1911-1984, neste brukar
- Marit, g.Granum
- Jakob
- Emma, g.Randen
- Harald
- Knut
- Pål

Ola Bjørnstad overtok Bjørnstad i 1936. Han vart 1938 gift med Aslaug P. Bakken, Sel f.1914, dei hadde 5 barn:

- Olav Audun f.1938, neste brukar
- Gerd f.1940
- Åshild f.1942
- Håkon f.1944
- Anne Lise f.1947

Olav Audun Bjørnstad overtok Bjørnstad i 1979. Han var gift med Marit Brånå, Heida f.1948, dotter til Olav Brånå og Ragnhild Voldsrud, Ringebu. Olav og Marit hadde 2 barn:

- Ola f.1966,
- neste brukar
- Nina f.1968

Ola overtok i 1994, han var sbm Tove Ulsletten f.1968 dotter til Thor K Ulsletten f.1945 og Marianne Brun f.1945. Ola og Tove har 2 barn:

- Lina f.1990
- Even f.1996

Kjelder:

Pål Øysten Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom
Digitalarkivet: panteregister
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Lilleenget

Lilleenge gnr. 8 bnr. 3 vart frådelt frå øvre Bjørnstad i 1937 med skjøte frå Ola Bjørnstad til Axel Randen for kr 300. Aksel Randen 1914-1990 var son til Hans Randen, Lom f.1868 og Kari Granrud f.1867. Aksel vart 1936 gift med Mari Plassen f.1913 dotter til Anders Plassen og Mari Lillesæter Barflaten. Aksel og Mari hadde 3 barn:

- Kristine f.1937, neste brukar
- Albert f.1939, g.m. Berit Hesland
- Astrid f.1950

I 1982 var det skjøte til Kristine Rande Høyby f.1937. Ho vart 1956 gift med Oddvar Høyby, Øyer f.1937 son til Hilmar Høyby f.1907 og Astrid Bakkelund f.1915. Kristine og Oddvar hadde 5 barn:

Helge f.1957, g.m. Kari Høyberg
Arild f.1960, sbm. Trine Dokken
Kjell f.1961, sbm. Marianne Enger
Ellen f.1963, g.m. Odd Kåre Nystuen
Atle f.1965, neste brukar

Atle fekk heimel til eigedommen i 2012. Han er sambuar med Unni Sveen, dei har 1 barn:
Sondre f.1994

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar

Bjørnstad nedre

I 1528 var det ei Ingrid som var eigar av Bjørnstad. Ho vart gift med Anders Jonsen Kleppe son til Jon Andersen. Anders bygsla Taulstad og budde kanskje der. Ingrid vart gift på nytt med Per Kokk, dei hadde ikkje barn. Anders og Ingrid hadde 1 barn:

Aagot, neste eigar

Aagot Andersdotter overtok truleg 3 huder av Bjørnstad. Ho budde på Taulstad og var gift med Paal Kristensen, dei hadde 4 barn:

Kristen, til Ellingsbø
Anders, g.m. Karen Sjugurdsdtr. Bjørnstad n. Til Bjørnstad
Jon, g.m. Marit Sjugurdsdtr. Bjørnstad n.. Til Rottem
Anne, g.m. Bård Odlo, Ringebru

Ei avtale i 1619 om deling av odelsgodset til svigerfar til Anders Pålsen Bjørnstad tyder på at svigerfaren heitte Sjugurd, han var gift med Synnøv Bjørnstad som eigde 3 huder i Bjørnstad som ho skulle bruke så lenge ho levde. Sjugurd og Synnøv hadde 3 barn:

Karen, g.m. Anders Pålsen Tolstad, neste brukarar
Anne, ugift i 1619
Marit, g.m. Jon Pålsen Tolstad Rottem

Karen og Anders ervde 1 hud 2 skinn i Bjørnstad, Anne fekk 1 hud 2 skinn, medan Marit og Jon Rottem fekk 8 skinn (dei fekk også ½ hud Ottbragd). Anders makeskifta med Jon Rottem ½ hud i Kruke mot å få ½ hud i Bjørnstad, dermed vart Anders eigar av 1 hud 8 skinn, Jon 2 skinn og Anne 1 hud 2 skinn i Bjørnstad. I tillegg til dette overtok Anders Pålsen i 1609 3

huder av Bjørnstad ved skifte av odelsjord frå mora. Anders Bjørnstad er nemnd i skattelistene 1610-1624. Anders og Karen hadde 6 barn:

Pål f.ca.1616 d.ca.1673, neste brukar
Marit, g.m. Gulbrand Torgjeson, på sygard Snerle
Anne, g.m. Ole Andersen Svendstad
Kjersti, g. Dale
Kari, g. Einangen
Ymbjør, g.m. Arne Sveinsen Harildstad n.

Pål Andersen Bjørnstad f.ca.1616 d.ca.1673 var gift med Rønne Amundsdotter Austrem s. d.ca.1685 dotter til Amund Andersen Austrem f.ca.1600 d.ca.1671 og Sigrid Jakobsdotter d.ca.1678. Pål og Rønne kjøpte i 1673 3 ½ skinn i Bjørnstad frå Siver Veggum. Pål og Rønne hadde 7 barn:

Kristen, neste brukar
Anders d.1719, g.m. Kari Siversdtr. Viste nig. d.etter 1719. Til Viste nig.
Siffer f.ca.1662 d.1740, g.m. Rønnaug Larsdtr. Bolstad d.ca.1724
Svend, til Kruke
Pål, g.m. Embjørg Eriksdotter Lunde u. d.ca.1735. Til megarden Råstad
Synne, dottera var gift med Arne Østensen Kagrud
Anne, d.før 1720, g.m. Ole 1645-1705 megarden Råstad.

Kristen som overtok Bjørnstad var ugift. Skoskatten 1711 viste Kristen som brukar på Bjørnstad.

Son til Anders Bjørnstad på Viste, Pål Viste nig. 1692-1770 overtok Bjørnstad frå arvingane til onkelen Kristen med skjøte på Bjørnstad 6 huder i 1720. Pål var gift med Anne Pålsdotter Tolstad 1701-1767, dotter til Pål Hansen Tolstad 1652-1739 og Anne Olsdtr. Rusnes 1678-1732. Pål og Anne hadde 5 barn:

Christen 1723-1798, neste brukar
Anne 1726 d.etter 1801, g.m. Anders Frantsen Ekre m., Heidal 1726-1767
Rønnaug d.1774, g.m. Simen Hansen Olstad, Sel f.1718
Kari 1728-1823 g.m. Pål Hansen Olstad, Sel
Ragnhild f.1731

Christen 1723-1798 var gift med Mari Olsdotter Sandbu ø-s 1727-1807 dotter til Ola Ivarson Sandbu f.1695 d.etter 1755 og Rønnaug Guttormsdtr. Heringstad f.1697 d.etter 1755. Christen og Mari hadde 7 barn:

Pål 1750-1831, neste brukar
Ole 1753-1838, g.m. Kari Andersdtr. 1771-1858, til Bårstad og s. Snerle
Anders 1757-1841, ugift
Anne 1764-1844, g.m. Hans Tordsen Harildstad 1755-1826
Berit 1767-1771
Iver 1768-1856, g.m. Ingrid Jakobsdtr. Dale ø 1770-1859 enkje etter Hans Hansen Snerle
Rønnaug f.1771

Pål 1750-1831 fekk i 1782 skjøte frå faren på Bjørnstad 6 huder for 399 rd. Pål var gift med Guri Guttormsdotter Aasaaren 1773-1857 dotter til Guttorm Tordsen Bjølstad 1716-1788 og Ragnhild Justsdr. Aasaaren 1734-1826. Pål og Guri hadde 5 barn:

Mari 1791-1876, g.m. Johannes Jakobsen Sandbu n-n 1783-1870

Christen 1794-1866, neste brukar

Ragnhild 1795-1865, g.m. Gudbrand Hansen Snerle s. f.1799, til Snerle, Bårstad,
Steinfinnsbø

Anne 1800-1882, ug., hadde med syskenbarnet Christen Olsen Baarstad sonen Ole f.1824

Guttorm 1807-1883, g.m. Mari Svendsdr. Bolstad 1810-1876

Christen 1794-1866 fekk i 1825 skjøte frå faren på Bjørnstad 6 huder for 1200 spd. Christen var gift med Anne Olsdotter Sandbu u-s 1811-1885, dei hadde 1 barn:

Mari 1836-1903, neste brukar

Mari 1836-1903 var gift med Pål Hansen Øy (Gardsøy) 1824-1921 son til Hans Olsen Øy 1784 og Barbro Pålsdr. Blessom n 1795-1869. Dei fekk skjøte frå Christen Paulsen i 1859 for 600 spd. Pål og Mari hadde 3 barn:

Anne f.1858, g.m. Ola Knutsen Stokstad f.1854, til USA

Pål 1859-1859

Mari 1872-1946, g.m. Jakob Hansen Tho 1869-1922, på Gardsøy

Familien budde i 1865 på Bjørnstad. I 1875 var Pål, Mari og dottera Mari på Gardsøy medan eldstedottera Anne f.1858 var på Bjørnstad.

Paul Hansen Øy hadde også Gardsøy og nedre Bjørnstad. I 1883 fekk lensmann Listad og Kristen Ellinsbø pant (skadesløsbrev) for kr 22000 i nedre Øy og nedre Bjørnstad, og i 1888 tok Vågå sparebank utlegg i baae gardane for kr 20525. Kristen Paulsen Storvik Ellingsbø har så overteke Bjørnstad, truleg i 1889.

Kristen Pålsen Storvik var syskenbarn til Paul Hansen Øy, faren Pål var frå Gardsøy. Kristen overtok Ellingsbø i Heidal der mor hans kom frå. Kristen 1832-1924 var gift med Marit Pålsdotter søre Harildstad 1840-1935, dei hadde 9 barn:

Pål f.1863, g.m. Ragnhild Pålsdr. Harlaug 1874-1951, til Kræmars-Sandbu

Anne 1866-1928

Barbro f.1868, g.m. Amund Karlsen øvre Bilben

Ole 1871-1937, g.m. Ingrid Torstensdr. Løkken

Kari f.1872

Pål 1877-1877

Pål 1878-1953, til USA i 1902

Hans f.1880, til USA i 1902

Mari 1882-1965, g.m. Petter Iverssen oppigard Faukstad

Bjørnstad vart seld i 1904 for 24500 kr til aksjeselskapet Bjørnstad gaard. Dette selskapet flytta husa til Maihaugen, og avvirka i skogen.

I 1909 var det skjøte på Bjørnstad frå AS Bjørnstad gaard til Nymo Brug ved Olaf Formo og Hans Grindal for kr 35000 inkl. lausøyre kr 13000. Bjørnstadskogen gnr. 9 bnr. 2 vart frådelt i 1910, denne heldt Formo og Grindal att til 1936 da Lillehammer sparebank overtok med auksjonsskjøte for kr 40000. Vågå kommune overtok i 1940 med skjøte frå Lillehammer sparebank for kr 30000. Fleire husmannsplassar vart frådelt frå Bjørnstadskogen i desse åra. Det nye bruket Våreng vart frådelt i 1938 og reisten vart seinare seld som fleire skogteigar.

Anders Nystuen og Ingeborg Opdal kjøpte nedre Bjørnstad gnr. 9 bnr. 1 i 1910 med skjøte i 1912 for kr 18000 pluss lausøyre kr 2000. Dei hadde sonen
Jon 1901-1982, neste brukar

Jon Bjørnstad overtok etter faren i 1934. Han vart 1933 gift med Anne ø Skår 1905-1985, dei hadde 4 barn:

Ingrid f.1933

Arne f.1935, neste brukar

Jon f.1938

Ragnhild f.1940

Arne Bjørnstad overtok etter faren i 1964. Han vart 1969 gift med Marit Fjerdingsren f.1944 dotter til Gustav Fjerdingsren f.1896 og Aslaug K Hole f.1905. Arne og Marit har 3 barn:

Astrid f.1971

Randi f.1975

Jon Gustav f.1977, neste brukar

Jon Gustav Bjørnstad overtok etter foreldra. Han er gift med Anna Bilstad f.1981.

Harkild gnr. 9 bnr. 4 som er eit jordstykke nedanfor gardsvegen til Bjørnstad vart frådelt frå nedre Bjørnstad i 1914 med skjøte frå Anders Nystuen til Knut Enget for kr 2000. Dette vart dermed saman med søre Enge gnr. 6 bnr. 2. Enge skogteig gnr. 9 bnr. 12 mellom Bjørnstad og Våreng vart 1938 frådelt frå Bjørnstadskogen gnr. 9 bnr. 2 med skjøte i 1939 frå Vågå kommune til Peder K Enge for kr 3730, også dette kom dermed saman med søre Enge.

Asplund gnr. 9 bnr. 6 som er jordstykket som ligg ovanfor nørdre Enge vart frådelt frå nedre Bjørnstad i 1918 med skjøte frå Anders Nystuen til Anna Johansen for kr 2500. I 1919 var det panteobligasjon frå Knut og Anna Johansen til Østlandske steneeksport og i 1922 var det auksjonsskjøte til Hans Bjørnstad. Dermed vart dette saman med øvre Bjørnstad gnr. 8 bnr. 1 og 2.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Tolstad

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Digitalarkivet: Panteregister

Utskrifter tingbøker

Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Arnfinn Engen, 2012: Gards-og slektshistorie for Heidal
Jakup Skjedsvoll

Reinshus

Reinshus gnr. 9 bnr. 7 vart frådelt frå nedre Bjørnstad i 1918 med skjøte frå Anders Nystuen til Hans P Sandum for kr 3500. Hans Sandum f.1891 var gift med Anna Iversdotter f.1892, dei hadde 4 barn:

Bernhard Petter f.1915
Ingv. Rudolf f.1917
Mathias Albert f.1918
Paal Henry f.1920

I 1922 var det skjøte frå Hans Sandum til Gustav Bertil Johannesen for kr 7500. Bertil f.1917 var son til Knut Johanson, Sverige f.1895 og Anna Olsdotter, Vågå f.1898. I 1920 budde familien på nørdrre Vangen i Randsverk. I 1918 kjøpte Anna Johanson jordstykket Asplund frå nedre Bjørnstad, dette vart seld i 1922. Anna Olsdotter Sveen var dotter til Mari f.1855 og Ole Sveen f.1855. Anna og Knut Johanson hadde 2 barn:

Gustav Bertil f.1917
Signe f.1919

I 1938 var det skjøte frå Gustav Bertil Johansen v/verge Knut Johansen til Ingebrigt Dissen for kr 2140. Ingebret Dissen nørdrre, Sel 1904-1988 var son til Johannes Dissen og Anna Holten. Ingebrigt vart 1931 gift med Julie Dissen søre, Sel 1906-1985. Dei hadde 2 barn:

Edvin f.1932, neste brukar
Ragna f.1939

Edvin vart 1957 gift med Gudrun Tolstadløkken f.1932 dotter til Iver Tolstadløkken f.1897 og Kari Stadeløkken f.1900. Edvin overtok etter faren i 1961.

Bustadtomt gnr. 9 bnr. 30 vart frådelt frå Reinshus i 1961. I 1975 var det skjøte frå Ingebrigt Dissen til dottera Ragna Dissen f.1939 og svigersonen Gunnar Flagestad, Ringebru f.1934.

Ragna og Gunnar har 2 barn:

Jorun Irene f.1961, g.m. Arvid Hagelien
Ivar f.1966, neste brukar

Ivar Flagestad overtok etter onkelen, han har bygd hus på tomt gnr. 9 bnr. 36 som er frådelt frå Reinshus. Ivar er son til Ragna Dissen f.1939 og Gunnar Flagestad, Ringebru f.1934. Ivar f.1966 er sambuar med Tove Kolden f.1969, dei har 2 barn:

Julie f.1995
Marit f.1997

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar

Øyhusom

Ole Andersen 1756-1848 var i 1801 husmann under nedre Bjørnstad. Ole vart 1791 gift med Eldri Christensdotter 1764-1825. Ved barnefødsel i 1800 står det at dei budde på Øyhuset. Da Ole døydde i 1848 var han legdslem. Ole og Eldri hadde 6 barn:

Christen f.ca.1786 d.1835, neste brukar, (finn ikkje sikker opplysning om Christen)

Anne f.1791

Poul 1792-1804

Anders f.ca.1794

Christen f.1800

Knut 1809-1809

Christen vart 1820 gift med Brith Knutsdotter Rottemseiet f.ca.1793. Ved barnefødsel var dei i 1822 husmannsfolk på Rottemseie, i 1826 på Bolstadeiet og 1829 på Bjørnstadeiet. Christen og Brith hadde 3 barn:

Marit 1822-1880, g.m. Ole Syversen Plassen 1827-1867. Plassen.

Ole 1826-1840

Knut f.1829, g.m. Guri Jakobsdtr. Haugen n. 1828-1907. Til Grindstugu n.

Før ekteskapet hadde Christen med Ingbjør Olsdtr. Tolstadeie 1 barn:

Johannes f.1819

Knut Knutsen Baarstadeie 1797-1874 vart 1825 gift med Ragnhild Olsdotter Baarstadeie 1797-1880. Ved barnefødsel var dei i 1825 husmannsfolk på Bjørnstadeie og i 1831 på Øyhusene som kan vera same plassen. I 1835 var dei på Pillarvikseige som stemmer med at førre brukaren på Hovde døydde i året før. Knut og Ragnhild hadde 4 barn:

Knut 1825-1825

Ingri f.1826

Ole 1831-1900, g.m. Imbjør Olsdotter Ekreeie 1833-1917. På Hovde.

Mari f.1835

I 1865 og 1875 var Hans Johannesen husmann på Øyhusen under nedre Bjørnstad. Hans Bolstadeløkken f.1810 var son til Johannes Olsen Sørlien Bolstadeløkken 1762-1837 og Mari Pålsdtr. Slette 1769-1852. Hans vart 1837 gift med Ragnhild Olsdotter Bakken f.1814, dei hadde 6 barn:

Johannes f.1837, g.m. Kari Amundgård f.1837. Til Heimen og Bjørnstad.

Marit f.1841, neste familie

Ole f.1844, g.m. Rønnaug Myrum n. Til Steinstugu.

Mari 1848-1942, g.m. Syver Knutsen Bråten 1842-1919. Til Storvikssæter.

Paul f.ca.1850, g.m. Anne Tåstensdotter, Skjåk f.1855. Til Enge.
Ingebjørg 1855-1937, g.m. Jakob Jakobsen Sæta ø. 1859-1956

Marit Hansdotter f.1841 vart 1870 gift med Ole Hansen Høyberg, dei budde i 1875 på Øyhusom. I 1900, 1910 og 1920 var dei husmannsfolk på Hesthågå under søre Stade. Ole og Marit hadde 3 barn:

Ragnhild f.1869
Kari f.1871
Hans f.1875

I 1891 var Hans Olsen f.1821 på Øihuset. I 1900 vart han nemnd som Ødegaarden og i 1910 som Sørlien. Hans var gift med Kersten Larsdotter, Sel f.1840. I 1900 budde dei på Kolstad og i 1910 i stugu ved Sveinlykkja. Hans og Kersten hadde 2 barn:

Olene f.1876
Paul f.1882, g.m. Ragnhild Johansdr. Sundhagen ø. f.1878. Til Skottlien

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar

Våreng – Rudilykkja

Grov. I 1414 vart det nemnd at nørdrø Grov hadde Holongen som haust- og vårsæter og Horgen som sommarsæter. I 1497 vart det også nemnd at nørdrø Grov hadde sæter på Horgen. Det går fram at Grov låg mellom Snerle og Bjørnstad. Per Stade fekk opplysning frå Knut Snerle om at nørdrø Grov kunne ha vore der Våreng/Rudilykkja vart etablert på 1900-talet, medan søre Grov var sør for dette, i hamnlykkja til nedre Bjørnstad.

Våreng gnr. 9 bnr. 10 som er bureisingsbruk vart 1938 frådelt frå nedre Bjørnstadskogen gnr. 9 bnr. 2 med skjøte frå Lillehammer sparebank til Vågå kommune for kr 15000. I 1939 var det skjøte frå Vågå kommune til Knut Ulsletten for kr 4270.

I 1948 var det skjøte frå Knut Ulsletten til sonen Tor K Ulsletten for kr 4320. Tor 1918-1993 frå Fossen var son til Knut Jakobsen Ulsletten f.1875 og Torø Pedersdotter Fossen f.1876. Saman med Tor budde halvbroren Peder T Fossen 1896-1976 son til Torø Pedersdotter Fossen f.1876 og Thorsten Pedersen Haaven, Nes Romerike.

Tor K Ulsletten f.1945 frå Fossen overtok etter onkelen i 1993. Han er son til Knut Ulsletten f.1913 og Mari Steineide, Heidal f.1910. Tor vart 1967 gift med Marianne Brun f.1945 dotter til Edvin Brun f.1915 og Ragnhild Ymbjørgøyen f.1912. Tor og Marianne har 4 barn:

Tove f.1968, g.m. Ola Bjørnstad
Henning f.1971
Morten f.1981
John Tore f.1987

Magnus Rønningen f.1985 har heimel til eiegenommen frå 2023.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar

Paul Brun: notat om Fossen

Seeiendom.no

Per Stade